

Vassreinsing med membranfilter

Me er ei gruppe på fire elevar frå Leikanger Ungdomsskule som har jobba med vasskvalitet i det kommunale vassverket vårt. Vi var på ekskursjon til vassverket med ein representant frå kommunen og fekk orientering om korleis vatnet vert reinsa her. Vi fekk også informasjon om vasskvaliteten i kommunen vår, og resultat frå analyser av vatnet.

Sidan resultatata var ganske innvikla, valde vi å konsentrere oss om tre ting: pH-verdien i vatnet, innhaldet av koliforme bakteriar generelt og innhaldet av E. coli, ein spesiell koliform bakterie. Me har tatt for oss fire månader i 2004, ein i kvar årstid, for å samanlikne forskjellar til ulike tider.



Membranfilterannlegget i vår kommune

Vassprøvar frå 2005-dei er tekne på tre forskjellige stader i kommunen

Ved fordelingshuset

	januar	april	juli	oktober
koliforme bakteriar	0/100 ml	0/100 ml	1/100 ml	0/100 ml
e.coli	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml
pH, surheitsgrad	pH6.4	pH6.2	pH6.2	pH6.3

Ved kommunehuset

	januar	april	juli	oktober
koliforme bakteriar	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml
e.coli	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml
pH, surheitsgrad	pH6.7	pH6.6	pH6.5	pH6.5

Byggjefeltet Dalen

	januar	april	juli	oktober
koliforme bakteriar	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml
e.coli	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml	0/100 ml
pH, surheitsgrad	pH6.6	pH6.8	pH6.6	pH6.4

Det vart påvist koliforme bakteriar i vatnet i juli. Koliforme bakteriar kan vere normalt forekomande i jord og vatn, men kan også kome frå avføring frå menneske eller dyr. E.coli skuldast nyleg

ureining av vasskjelda med avføring frå menneske eller dyr. Vatnet kan vere helsefarleg, då det kan innehalde sjukdomsframkallande agens som salmonella eller campylobacter. Vatnet må kokast eller desinfiserast før det vert drukke eller nytta i næringsmiddelsamanheng.

Globalisering:

Her rensar me vatnet med membranfilter. Me har komme fram til at dette er ein veldig bra rensemetode, fordi det ikkje etterlet nokon farlige, skadelige avfallsstoff.

Me meiner difor at dette er noko det globale samfunnet bør satse på ved og vidareutvikle teknologien og gjere han lettare tilgjengelig i andre land.

Konklusjon:

Me har lært korleis vassreinsinga i kommunen vår føregår, og korleis ein kan samanlikne vasskvalitet. Me er særst nøgde med smaken på vatnet vårt og er glade for at kommunen ikkje nyttar td. klor i vatnet. Det einaste som er kritikkverdig, er at det i juli var koliforme bakteriar i vatnet ved fordelingshuset, men dette var mellombels borte når det kom fram til husstandane. Me kan trygt seie at membranfilterreinsing er ein god måte å reinse vatnet på!